

BRUKARUTVALET

MØTEREFERAT

8 juni 2015

Tid: Kl 09.30 – 13.30

Stad: Stort møterom 3 etg. Sentralblokka

Til stades:

Inge Aareskjold Fiskvik

Bente Orlen Westervik

Kirsten Eikanger Mjelde

Svein Nord Kristiansen (frå sak 51)

Margot Bertheussen

Ida Carlsen Eide (frå sak 51)

Nils Haugland

Forfall:

Inger Lise Kjeksrud, Magnus Mjelde, Hjørdis Dahle, Anniken J Kvaal

Referent: Magne Høgelid

Invitert: Anne Sissel Faugstad, Anne Kvalheim

Sak 48 /15 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen

Godkjent utan merknader

Sak 49/15 Referat frå møte 180515 til godkjenning

Godkjent utan merknader

Sak 50/15.Rapportering frå prosjekta og representasjon i nye prosjekt.

Utvalet gjekk gjennom prosjektoversikt og medlemane orienterte om status i prosjekt dei var engasjert i.

Bente Orlen Vestervik:

- LMS i Nordhordland har kurs i september, med brukardeltaking
- Biobank er avslutta
- E helse/e-meistring

Inge Fiskvik:

- Barnas energisenter har hatt et møte. Styringsgruppen har møte til høsten. Prosjekt og arbeidsgruppe har hatt fleire møter. Hjørdis deltar i BUSP styringsgruppe.
- Rekvirering av tekniske hjelpemidlar. Er i gang, utkast til retningslinjer snart ferdig.

Ida Carlsen Eie og Svein Nord Kristiansen har nettopp vore i møte i dagbehandling/ poliklinikkprosjektet. Der er stor aktivitet. Dei har vore i Nederland for å lære.

Ida Carlsen Eide: Har vore på alle møta i Vardesenteret .

Rop forløpet: Her er Hilde Otteren representant. Har ikke hørt noe fra prosjektet?

Anniken Kvaal er representant i prosjekt Nordås. Status uklar.

Fallførebygging- Monrad Reigstad er representant. Status uklar.

Margot Bertheussen:

- ØH senger Bergen kommune. Spennande prosjekt. Er i gang. Mykje spørsmål om pasientgrupper og bemanning.
- SU Bergensregionen. Saker som Handlingsplan 2015, Superbrukarprosjekt, Nødnett.

Kirsten Mjelde:

- Sikkerhetspsykiatri/areal. Har vært 4 møter. Rapport er levert. Om arbeidet starter opp igjen blir brukerne invitert på nytt.
- **Ernæring og psykisk helse.**FOU avd. har vært tomøter og sluttrapport er skrevet mai 2015.
- **Erfaringspanel psykisk helse:** vara for Jorunn Bakke. Prosjekt er i gang. Har ikke helt funnet sin form enda. Har månedlige møter skal være 12-14 stk. Det er vel omfattende. For mange Mber ? Det vil være mer lojale mot arbeidsgiver. Må ha et fokus på de svakeste individene. Hvordan får man det til ? Noen er lønnet både fra kommune og sykehus(MBer)
- **Fagråd psykisk helse:** Siden januar 2015, to møter.
- **Kvalitet og samhandling** med Bergen kommune- Kronstad DPS. Aktivt, møte 16 juni.
- **OCD-** Jorunn Bakke har meldt seg ut. Her er ny representant: Kennet [Lauvås.k-lauva@online.no](mailto:Lauva@online.no). 91633068. Kirsten Mjelde er vara.
- Prosjekt PBU BUSP, innhold, arb gr 5 eksisterer ikke lenger.
- **Erfaringspanel:** Jorunn Bakke har meldt seg ut. Kven tek over ?

Nye prosjekt:

- **Bergen Health Challenge-** Svein Nord Kristiansen, Ida Carlsen Eide og Hjørdis Dahle delar på planleggingsmøte og samlinga i september.
- **Palliativ behandling-**Her deltar Inge Fiskvik med Magnus Mjelde som vara.
- **Kurs for gravide LAR pasientar.** Her er det vanskelig å få brukere. Inge har forsøkt via RIO representantane.
- **Prosjekt foajeen/informasjon:** Her overtar Ida Carlsen Eide for Inge Fiskvik og deltek saman med Svein i prosjektet.

Sak 51/15 Aktuelle saker i Helse Bergen v/ Anne Sissel Faugstad

Anne Sissel Faugstad orienterte om følgjande saker.

- At FOU avd. hadde hatt temadag der brukarutvalet var hovudsak. Brukarutvalet vil få tilsendt oppsummering frå temadagen og Anne Sissel Faugstad sine foilar. Leiinga ynskjer at brukarutvalet ferdigstiller sine innspel innan dei to komande møter.
- Brukarutvalet blir invitert til direktøren sin avslutning 28 august kl. 13.30.
- Rapport frå verksemda: Bra månad i mai. Vi bruker kr 30 mill. pr. døgn, 10,8 milliarder pr. år.
- Oppslag om færre senger rus: Dette handlar om at det har vore ei opprusting av tilbodet i kommunane og hjå dei private(Bergensklubben). Handlar også om omlegging frå døgnbehandling til dagbehandling og poliklinikk. Det er ei utfordring innan rusfeltet at ein har dyre/langvarige institusjonsopphald som ikkje inneheld planar for tida etter. Utan arbeid, bustad og i same miljø er det svært stort tilbakefall. Kapasiteten totalt sett er i dag god.

- Ansvar for LAR er som kjent overført til sjukehusa- det er eit stort arbeid med å få avtalar på plass.
- Budsjett 2016: Det blir litt trangare enn i år. Det er ein gedigen vekst i kommunane.
- Helse Bergen er trekt 1,6* 60 mill for etablering av ØH senger i kommunane.

Sak 52 /15 Rapport brukarmedverknad, kva meiner noverande brukarutval bør gjerast?

Leiar, nestleiar og leiar av arbeidsgruppa har utarbeidd eit utkast til innspel til føretaksleiinga vedrørande framtidig brukarmedverknad i Hekse Bergen. Saka var meldt inn til drøfting i utvalet sitt møte. Leiar orienterte kort om status:

I rapporten står det at det er nødvendig å gjere arbeidet med brukarmedverknad meir kjent. Det er også nødvendig å utvikle brukarmedverknad for å møte aukande krav og forventningar.

Det vart drøfta og kom innspel om følgjande:

Det må vera ein tydeleg struktur for brukarmedverknad i Helse Bergen. I dette ligg mellom anna at det er brukarutvalet som har ansvar på systemnivå og som gir råd til adm. direktør og styret i brukarrelaterte spørsmål. Eventuelle underutval må gå gjennom brukarutvalet om dei har saker på systemnivå.

Det er ønskeleg og nødvendig å utvikle brukarmedverknad både på individ, teneste og individnivå.

Brukarutvalet er orientert om at det for betre å kunne dekke framtidige behov og krav er under etablering erfaringspanel innan psykisk helse og et ungdomspanel. Det er også fleire initiativ på gang for å auke kapasitet for brukarmedverknad. Slik Brukarutvalet ser det bør desse vera underutval til Brukarutvalet. Underutvala skal rapportere til brukarutvalet og brukarutvalet skal vera representert i underutvala. Leiar av underutval skal halde brukarutvalet orientert om si verksemd. Det er naturleg å vurdere ei vidare utvikling av system for underutval til brukarutvalet når det kjem slike ynskjer frå brukargrupper eller avdelingar. Det er også kostnader knytt til medverknad som det ikkje pt. er budsjettert med.

For å få eit heilskapleg system for brukarmedverknad må kontakten med brukarorganisasjonane styrkast. Ein må også sikre at brukarutvalet blir involvert i alle store utviklingsprosjekt. Det bør etablerast ei heimeside for Brukarmedverknad i Helse Bergen som er lett tilgjengeleg. For å koordinere brukarmedverknaden bør det difor etablerast ei funksjon som brukarkoordinator i Helse Bergen og det bør etablerast eit brukarkontor som er sentralt plassert. Brukarkontor og brukarutval bør vera forankra i Brukarutvalet.

Eit anna viktig element er kompetanseheving hjå tilsette om brukarmedverknad. Kompetanse om brukarmedverknad bør vera ein del av kurs for nyttilsette.

Brukarutvalet er opptekne av å ivareta det som er bygd opp.

Konklusjon: Leiar, nestleiar og leiar av arbeidsgruppa arbeider vidare med innspelet til rapport frå arbeidsgruppa. Brukarutvalet ynskjer å ha sitt innspel klart raskt over sommaren.

Sak 53/15 Prosjekt superbruker(LKT) v/ Anne Kvalheim

Anne Kvalheim orienterte om planlagt prosjekt. Målet med prosjekt er å finne felles element ved ulike pasientgrupper med kronisk sjukdom eller samansette lidingar. Ein har eit pragmatisk utgangspunkt der ein ynskjer å identifisere aktuelle tiltak og å setta desse ut i livet.

Ein ynskjer i første omgang å forankre prosjektet i aktuelle kommunar, i sjukehusa og hjå brukarane. I sjukehuset har det vore dialog med dei mest aktuelle avdelingane.

Brukarutvalet melder inn Inge Fiskvik til styringsgruppa og Ida Carlsen Eide prosjektgruppa. Det er ønskeleg å få meldt inn ytterlegare ein brukar til Styringsgruppa og til prosjektgruppa. Bente Orlen Westervik og Svein Nord Kristiansen har etter møte meldt interesse for i å delta i prosjektgruppa.

Prosjektdirektiv blir sendt ut med referatet

Sak 54/15 Frå/til utvalet

Leiar orienterte om felles brukarutvalsmøte i forrige veke.

- Pasientsikkerheit var tema
- Kva som skjer i utvala var eit anna tema Her sa leiar litt om planar for framtidig brukarmedverknad.

Mellom anna var det ynskje om støtte til at Fonna får den nye helikopterbase som skal etablerast. Anne Sissel Faugstad kommenterte at her er det viktig å sjå det store bildet før ein meiner noko.

Sak 55/15 Eventuelt

Ida tok opp sak om skilting til Vardesenteret. Sekretariat følgjer opp med Drifts- teknisk avdeling.